

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.	2005/1120 - 30
Monat	28 OKT 2005 ASR/JVR
Saksber.	1AA 41
Kopi	Avert.



Det kongelige Landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep.,
0030 OSLO

ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:
05/538-3/K2-V00/TRE

Direkte innval:
56527052

Stad/Dato:
26.10.2005

SÆRUTSKRIFT: Høring - Forslag til diverse endringer i jordlova mv.

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	19.10.2005	104/05
Sakshandsamar Torunn Reinsnos	Arkiv: K2-V00 Objekt:	Arkivsaknr 2005000538

Sakstilfang:

Nr	T	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	Det kongelige Landbruksdepartement	Høyringsbrev - forslag til diverse endringer i jordlova mv.

Saksutgreiing:

Landbruksdepartementet inviterer mellom andre kommunane til innan 1. november å gje uttale til lovendringar. Forslaga gjeld:

- oppheving av delingsforbodet, jordlova § 12, del 1,
- oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova, del II,
- tilskotsordninga, jordlova § 18, del III,
- oppheving av nokre uaktuelle lover, del IV

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høring eit framlegg om endring av jordlova slik at det generelle delingsforbodet for landbrukseigedomar i jordlova § 12 vert oppheva samstundes som det vert fastsett reglar om å søke delingssamtykkje ved frådelling av dyrka jord. Delingsforbodet i jordlova har vore eit viktig verkemiddel i høve til eigedomsstrukturen i landbruket sidan det vart innført i jordlova av 1955.

Dei viktigaste endringane i forslaget er:

- oppheving av det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom,
- ny regel om forbod mot frådeling av dyrka jord der det ikkje er gjeve omdisponeringsløyve eller der jorda ikkje skal nyttast som tilleggsareal til anna bruk
- frådeling av bygningar som ligg i eller nær tunet krev framleis delingsløyve
- kommunen kan innføra lokal forskrift om delingsforbod der det er ønskjeleg ut frå omsynet til driftsmessig gode løysingar eller omsynet til kulturlandskapet.

På side 3 i høyringsnotatet er det elles ei oppstilling av uaktuelle lover som vert føreslegne oppheva.

I forslaget er endringane grunngeve med ynskjet om forenkling og vidare at det skal leggjast til rette for "å nytte eigedomsressursane slik at busetjing, næringsverksemd, innovasjon og livskvalitet i distrikta kan sikrast på ein betre måte enn i dag".

Vurdering:

Hovudsaka i denne høyringa er framlegget om å oppheve det generelle forbodet mot frådeling av skog og utmark frå landbrukseigedomar. Uttalen vert difor konsentrert om dette.

I Noreg har talet gardsbruk i drift minka kraftig dei siste 10-15 åra, og denne utviklinga ser ut til å halda fram. Dette medfører at ein stadig oftare opplever tomme hus og kulturlandskap i forfall, trass i at mykje av det dyrka arealet framleis vert drive. Samstundes syner spørjeundersøkingar at mange menneske ynskjer ei livsstilsendring, og ynskjer å flytta frå byer og tettstader til bygder og småbruk; dei ønskjer ei livsstilsendring. Som eit ledd i Landbruksdepartementet sin politikk "Landbruk Pluss" har ein gjennom fleire tiltak freista å auka tilgjenge på landbrukseigedomar. I løpet av dei siste fire åra har mellom anna konsesjonsgrensa for landbrukseigedomar vorte heva to gonger, og eigedomar som er mindre enn 100 daa total areal eller har mindre fulldyrka mark enn 20 daa, er i dag fritt omsetlege.

Frå ein landbruksmessig ståstad reiser lovendringsforslaga fleire prinsipielle spørsmål. Først av alt etterlyser me tal som synleggjer at det er vorte fleire som har kjøpt landbrukseigedomar under konsesjonsgrensa og har flytta til bygdene som følgje av "frisleppet" av eigedomar under 100 daa total areal eller 20 daa fulldyrka mark. Før det ligg føre ein grundig dokumentasjon på at denne politikken har ført til auka busetnad og sysselsetjing på bygdane, meiner me det er å gå for fort fram å ta vekk delingsforbodet i jordlova.

Å oppheva delingsforbodet vil føra til ulik praksis med omsyn til frådeling i dei ymse kommunane. Dette vil truleg gjera at kommunar i bynære strøk og kommunar der landbruksnæringa står svakt, vil vera mykje meir liberale i sin frådelingspolitikk enn i meir perifere kommunar der landbruket står sterkt. Det vil vera uheldig og lite truverdig om frådelingspolitikken som vert ført varierar for mykje frå kommune til kommune.

Å kunna dela opp landbrukseigedomar og rettar knytt til desse som skissert i høyringa og artikkelar om denne, vil kunna styrkja ressursgrunnlaget på bruk i drift. Men det kan òg føra til ei utarming av framtidige driftseiningar. Slike døme er det mange av frå tida før jordlova kom inn og regulerte dette.

I Hardanger er det eit tungt fokus på fjell og utmark og rettighetane som er knytte opp mot dette. Særleg er jakt- og fiskerettar attraktive. Desse rettane vil kunna omsetjast for høge summer. Ei slik utvikling vil føra til ei sakte dreining av at det er dei med mykje pengar som kjøpar opp desse rettane. Dette vil vera ein sær uheldig utvikling i tilhøve til den tradisjonelle utøvinga av jakt og fiske som tradisjonelt har vore tilgjengeleg for alle. Frå tidlegare har ein røynsle med at skogselskap og rikfolk kjøpte opp store eigedomar i Trøndelag og på austlandet. Dette medførte i mange høve ei utarming av livsgrunnlaget på desse bygdene.

I høyringa ligg det mange moglegheiter for at ein kan unngå kravet til bu- og driveplikt. Det har så langt me har registrert ikkje vorte gjeve signal om at desse pliktane skal firast på, men med moglegheiter for å kunne dela frå delar av landbrukseigedomen, vil det verta nesten umogleg å følgja opp særleg bupliktkravet som i dag er eit viktig virkemiddel for å opprethalda busetjing i mange bygder.

Reint forvaltingsmessig meiner me at me i dag har eit lovverk som er oversiktleg. Det gjer det lett å nå og hjelpe publikum. I endringane som ligg inne i høyringa ligg det frå eit landbruksforvaltingsmessig synspunkt inne ein reell fare for at den oversikten vert utydeleggjort, og at det etterkvart vil verta mykje vanskelegare for publikum å halda seg og få oversikt over eit regelverk som skissert. Det er ikkje lett å få auga på eit forenklingspotensiale som er eit av hovudføremåla i høyringa.

Ved å leggja opp til rette for store tomter, eller "livsstilseigedomar", ser me eit potensiale for auka konfliktnivå mellom landbruksutøvarar og folk som flyttar til og kan vanskeleggjera drifta. Særleg gjeldt dette spreining av husdyrgjødsel, sprøyting av plantevernmidlar, bygging av vegar osv.

Jamvel om det i høyringsforslaget står at det skal takast omsyn til kulturlandskapsverdiar, trur me at dette vert vanskeleg å praktisera. Med ein politikk som høyringa legg til rette for, trur me at det mange stader nettopp vil vera kulturlandskapet og lokalt særpreg som vil verta skadelidande. I praktisk arealforvaltning er det oftast omsynet til kulturlandskapet som må vika i tilhøve til tilflytting og nybygging.

Ut frå ei landbruksfagleg vurdering meiner administrasjonen at endringsforslaga ikkje vil vera betre virkemiddel for å nå dei skisserte måla om betre ressursforvaltning, nyskaping og næringsverksemd, tilflytting, innovasjon og livskvalitet. I dagens lovverk har ein allereie dei virkemidlane som trengst. Men det trengst meir ressursar til å prioritera og følgja opp desse områda. Administrasjonen vil difor ikkje rå til at det vert gjort endringar i § 12 jordlova slik det går fram av høyringsbrevet av den 30.06.2005.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Ulvik herad meiner at det ikkje trengs gjerast endringar av § 12 i jordlova som skissert i høringsbrev frå Landbruksdepartementet av 30.06.2005. Delingsforbodet i jordlova må oppretthaldast.

19.10.2005 Formannskap

FSK-104/05 SAMRØYSTES VEDTAK:

Ulvik herad meiner at det ikkje trengs gjerast endringar av § 12 i jordlova som skissert i høringsbrev frå Landbruksdepartementet av 30.06.2005. Delingsforbodet i jordlova må oppretthaldast.

Med helsing

Magnete G. Oydvin

for

Torunn Reinsnos
jordbrukssjef